

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Møte i Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Stad: Jostedal hotell, Gjerde, Jostedalen

Dato: 13.-14. september, 2019

Påmelding:

Kommune	Medlemmar	Påmeldt	Varamedlemmar	Påmeldt
Dovre	Stian Brenden	Nei		
Lesja	Einar Utgaard	Nei	Marita Lindbom	
Lom	Eilev Hellekveen	Ja	Svanhild Lyngved	
Luster	Eli Merete Hansen Moen	Ja	Arne J Hauge	
Norddal	Jostein Taffjord	Ja	Mari Ruset-Moland	
Rauma	Ingunn Svelle Heinåli	Nei	Dagfinn Roald	Nei
Skjåk	Randi Rust	Ja	Stig Magnus Aaboen	
Stranda	Tor Hallgeir Hole	Ja	Elisabeth Opsvik	
Stryn	Johan Berge	Ja	Silje Åsnes Skarstein	
Vågå	Ketil Gutubø	Nei	Rita Danielsen Benrud	Nei
FM-MR	Astrid Buset		Ola Betten	
Sekretær	Tor Taraldsrud	Ja		

Program:

Fredag 13. september

- 17:30 Oppmøte Jostedal hotell
17:30 – 18:00 Rundstykker / kaffe / te
18:00 – 19:30 Møte i nemnda (møterom for minst 12 pers)
20:00 Middag

Laurdag 14. september

- 08:00 – 09:00 Frukost på Jostedal hotell
09:00 – 10:00 Møte villreinnemnda
10:00 – 11:00 Informasjon om villreinen sin bruk av områda rundt Jostedalen i dag og i tidlegare tider v/ Sverre Fossen og Frank Smedegård.
11:00 – 11:45 Transport til Styggevatnet
11:45 – 14:00 Synfaring øvst i Jostedalen inn mot Styggevatnet. Tidlegare trekkveg (øydelagt ved oppdemming av Styggevatnet), trekkveg brukte i dag og arealbruk til villrein i dag i dette området v/ Sverre Fossen og Frank Smedegård.
14:00 Lunch på Breheimsenteret
15:00 Omvisning på Breheimesenteret
16:00 Avslutning

Innhald

14. Godkjenning og innkalling av sakliste..... 2
15. Val av ny nemnd. Informasjon om nemnda sitt arbeid til styre og utval som skal velje nye medlemmar..... 2
16. Villreinplakat på DNT sine hytter 3
17. Referatsak: Gjennomføring av jakta 2019 – gjennomgang under møtet 4
18. Referatsak: Møte i villreinerådet 7.-8. sept. 4
19. Referatsak: Endra søknad – søker om å legge fiberkabel i Breiddalsvatnet, Søre og Nørdre Lægervatnet. *Framføring av Telenor sin nye fiberkabel for aust-vestforbindelse over Strynefjellet i Skjåk5*
20. Referatsak - søknad om bygging av dagsturhytte ved Bispberget i Skjåk – Skjåk Turlag – endra lokalisering 5
21. Villreinen sin bruk av områda rundt Jostedalen i dag og i tidlegare tider 5
22. Neste møte i nemnda 8
23. Eventuelt..... 8

Sakliste:

14. Godkjenning og innkalling av sakliste

Innstilling: Ingen merknader til innkalling og sakliste

Vedtak: Ingen merknader til innkalling og sakliste

15. Val av ny nemnd. Informasjon om nemnda sitt arbeid til styre og utval som skal velje nye medlemmar.

Organisering og oppgåver for villreinnemndene er definert i § 21 i hjorteviltforskrifta:
Villrein i alle villreinområder med areal i to eller flere kommuner skal forvaltes av ei villreinnemnd. Villreinnemnda skal arbeide for en langsiktig bærekraftig forvaltning av villreinen og dens leveområder i samsvar med naturmangfoldloven og viltloven.

Alle kommuner med areal innenfor villrein-området skal foreslå en kvinnelig og en mannlig representant til villreinnemnda. Kommunene bør foreslå personer som sitter i kommunestyret eller i politisk organ med ansvar for vilt eller arealforvaltningen i kommunen, og som har interesse og engasjement for villreinforvaltning. For å sikre en balansert kjønnsrepresentasjon er Miljødirektoratet formell oppnevner av medlemmene i nemnda, hvor den ene kandidaten blir oppnevnt medlem og den andre som varamedlem. Nemnda velger selv leder og nestleder. Perioden som ei villrein-nemnd sitter tilsvarer valgperioden, og en eksisterende villreinnemnd sitter til ny nemnd har konstituert seg.

Noen nemnder vil i henhold til oppnevningsreglene ha svært mange medlemmer og store reiseavstander, noe som kan gjøre det lite hensiktsmessig å behandle alle saker i plenum. Et utvalg av saker kan, med fordel og med større kostnadseffektivitet, behandles ved at nemnda etablerer et arbeidsutvalg. Et slikt arbeidsutvalg bør bestå av et mindre antall faste representanter, der alle villrein-områdene i nemnda er representert. I saker som krever særskilt lokalkunnskap kan arbeidsutvalget innkalle andre medlemmer fra kommunen(e) som er berørt av saken. Muligheten for telefonmøter og videomøter bør utnyttes i saker der det er hensiktsmessig. Villreinnemnda bestemmer selv hvilke sakersom kan behandles av arbeidsutvalget, og hvilke saker som er av en slik prinsipiell betydning at de bør behandles av en samlet nemnd.

Miljødirektoratet stiller driftsmidler til rådighet for villreinnemndene gjennom årlige tildelingsbrev, der det også kan gis nærmere føringer og retningslinjer for bruken av budsjettmidlene.

Kommunane skal altså foreslå ein mannleg og kvinneleg representant. Vanlegvis har vi tre-fire møte i året, normalt vår, sommar og haust.

Innstilling: Kwart medlem får i oppgåve å informere om val av ny nemnd i sin kommune og bidra til at kommunen foreslår to kandidatar.

Vedtak: Sende eit informasjonsskriv til kvar kommune/valnemnd. Informere om val av representantar til villreinnemnda, kven som har vore medlem og varamedlem i siste periode.

16. Villreinplakat på DNT sine hytter

Nemnda fekk tilsendt nytt utkast til villreinplakat frå DNT den 15. august . I tidlegare utkast har vi mellom anna kommentert at hundar skal vera i band (tidlegare utkast: «bør vera i band»). Dette er no retta til «skal».

Nemnda tykkjer plakaten no har blitt bra. Sjølv om plakaten er universell er det laga rom for å ta inn meir info om eit einskild område og aktuelle problemstillingar, slik det er gjort for plakaten som skal opp på Nørdstedalseter. Dette tykkjer vi er positivt.

Innstilling: Villreinplakaten blir godkjent av nemnda.

Protokoll: Villreinplakaten blir godkjent av nemnda.

VERN OM VILLREINEN

Villreinen får stadig mindre leveområder å bevege seg på i fjellet. Hyttebygging, veier og energlutbygging legger beslag på viktige beiteområder og trekkeveier, og ferdsel kan stressa dyrene.

Både turfolk og villreinen er glad i å vandre, og vi bruker ofte de same områdene. Det er viktig at vi tar hensyn til villreinen når vi er på tur i villreins område.

VILLREINEN ER SÅRBAR OG TRENGER RO

- Reinen er sårbar for forstyrrelser på seint vinteren
- Kalvene blir født i mai, og reinen trenger ro i perioden 15. april til 15. juni
- Reinen blir redd folk på ca én kilometers avstand, og den løper langt når den blir skremt
- Løping krever energi, og tid til beiting går tapt

HVA BØR ET TURFØLGEGJØRE?

- Følg stiene. Det er det beste både for dyr og planter
- Hunder skal være i bånd, i tråd med regler om båndtvang
- Stopp dersom du ser reinsdyr, la dyrene passere i fred
- Hold avstand, bruk kikkert

PROTECT THE CARIBOU

The caribou are vulnerable to disturbance, and we request hikers to:

- Follow the established paths
- Keep dogs on leash
- If walking into caribou, keep still until the animals have passed
- Keep a distance to the animals. Use binoculars to spot animals ahead of you

Lær mer om villrein på www.villrein.no

TA VARE PÅ VILLREINEN I REINHEIMEN OG BREHEIMEN

I Reinheimen-Breheimen er målsettingen å ha vel 2500 villrein om vinteren. Det er også et mål at stammen i Breheimen skal bruke områdene i vest mer enn i dag. Vær derfor spesielt oppmerksom på å ikke forstyrre rein som vandrer sørvestover i april.

VILLREINOMRÅDER I NORGE

Nasjonale villreinsområder	Andre villreinsområder	Overdøe med tusseledrift
1. Sørøstl. Røyfjella		
2. Sørøstl. Anarhol		
3. Skardsen-Etnefjell		
4. Vinnar-Buan		
5. Beartefjell-Vindhoggen		
6. Blåfjell		
7. Hardangervidda		
8. Hurdal-Beitostøl		
9. Chaschaduvra		
10. Fjellbotn		
11. Hardfjella		
12. Lærdal-Åndal		
13. Væst-Jomabotn		
14. Sørøstl. Anarhol		
15. Fevdebjella		
16. Beartefjell		
17. Beartefjell-Beitostøl		
18. Skarvotta		
19. Rindane		
20. Sakalottan		
21. Tolga-Ostfjell		
22. Fevdebjella		
23. Kestve		
24. Skardfjell		

17. Referatsak: Gjennomføring av jakta 2019 – gjennomgang under møtet

I Reinheimen har villrein gått i småflokkar nærast over heile jaktområdet gjennom det meste av jakta. Det har ført til god spredning av jegerane og fin jakt. Rapport om mykje fotråte blant kalvar i Reinheimen («20-30 stk»).

Eit viktig tema i forkant av gjennomføring av jakta har vore stammestorleik på sørvestområdet. Vinterteljinga synte ei auke på sørvest frå 230 til 380 dyr. Innvandring kan ha vore ein årsak til auka, det har derfor vore spenning knytt til om ein del av stamma ville vandre vekk att i løpet av våren. Det kunne i så fall ha ført til at kvota på 125 dyr på sørvest var for stor. Rettshavarane har hatt moglegheit til å kunne overføre delar av kvota frå sørvest til andre områder.

Melding om god kalvetilvekst på søraust.

18. Referatsak: Møte i villreinrådet 6. sept.

Nestleiar i nemnda, Randi Rust er styremedlem i villreinrådet og deltok på møtet. Randi har oppdatert nemnda med eit lite referat frå møtet, fleire kommentarar blir gjeve i vårt møte.

«Strategidokumentet som var drøfta på årsmøte vart justert litt om kva som var gjort i samband med bladet og nettsida. Det vart brukt mykje tid på kva som bør bli tema på neste fagdag. Det er i allefall sikkert at fagdagen må vera på eit vintersportssted først i juni. Det er der beste tilbod på overnattinga er. Så skal vi sende eit brev der vi protesterer på vindmølleutbygging. Vi jobba med teksten, og Christian sekretær fekk i oppdrag å reinskrive. Brevet vil bli utsendt til nemnder og utval innan det blir sendt til respektive mottaker. Det var elles hyggeleg og god stemning. CDW var nesten ikkje tema, venter til etter jakt og resultat frå alle prøvene som er innsendt».

Saklista til møtet i villreinrådet var slik:

1. Orientering og drøftingar for nytt styre. Foreløpig så har jeg notert disse sakene (regner med at det kommer innspill):
Orientering rundt Villreinrådets arbeid; organisering, sekretærtjenester, redaktør, kasserer/utsendinger, redaksjonsråd, nettside, lager, revisor.
Strategisk plan og tiltak 2019
2. Møte og aktivitetsplan 2019/2020
3. Endring og oppdatering av strategisk plan i tråd med landsmøtevedtak 2019.
4. Landsmøte og fagdag 2019, evaluering. Gå gjennom mottatte tilbakemeldinger på fagdagen og mottatte forslag til tema, sted og organisering for neste år.
5. Villreinen 2019 og temahefte om forminner, evaluering.
6. Nasjonal ramme for vindkraft, høring.

Tema på fagdagen: Villrein – arealbruk – hyttebygging - ferdsel

DNT og forvaltning av villrein. Ynskjer å vidareutvikle samarbeid og dialog med DNT om forvaltning av villreinområder / ferdsel.

Villreinen.no – digital utgåve av villreinen ligg tilgjengeleg på nett . Ikkje ynskjeleg med betalingsløyising, bør fortsatt vera gratis tilgjengeleg på nett.

Villreinalliansen: DNT, NJFF og villreinrådet. Mogleg å trekke seg ut i enkelte tilfelle.

Siri Parmann og villreinalliansen ynskjer å vera med å arrangere fagdagen, men villreinrådet ynskjer førebels å styre dette arrangementet sjølv.

Tema til temahefte – ta kontakt med vår rep. – RR.

Nasjonal ramme for vindkrat – høyring – utkast til høyringsuttale.

Ta vare på bilda til Jon Meli. Viktig oppgåve, men vanskeleg å prioritere ressursar til dette for villreinrådet.

19. Referatsak: Endra søknad – søker om å legge fiberkabel i Breiddalsvatnet, Søre og Nørdre Lægervatnet. Framføring av Telenor sin nye fiberkabel for aust-vestforbindelse over Strynefjellet i Skjåk

Det er truleg positivt for villrein at fiberkabelen blir lagt som innsjøkabel og gravd ned i bakken i mellom vatna.

20. Referatsak - søknad om bygging av dagsturhytte ved Bispberget i Skjåk – Skjåk Turlag – endra lokalisering

Skjåk Turlag har varsla at dei ynskjer ein anna lokalisering lengre nord. Kjem tilbake med meir konkret informasjon.

21. Villreinen sin bruk av områda rundt Jostedalen i dag og i tidlegare tider

Jostedal fjellstyre har vore veldig flinke til å hjelpe oss med å finne kjentmenn. Leiar Stein Jarle Fossen hadde fylgjande innspel:

Me veit ikkje heilt kva villreinnemnda tenker rundt villrein i Jostedalen og om de har agenda for å «reetablere» stamme. Me ville ynskje alle gode tiltak velkomne, men har låge forventingar når me ser på rada av uheldige hendingar dei siste 100 åra. Ingen skuldingar men mykje skuffelse over korleis naboane i aust har føre fram i ulike saker. Og i våre auger er ned demming av Austdalsvassosen berre ei lita sak. Eg verken bør eller skal skrive meir men håpar at nåverande villreinnemnd kan få til noko som gir resultat.


Villreinnemnda er glade for at Jostedal fjellstyre er positive til alle gode tiltak (for villrein). Sekretær sendte eit kortfatta svar rundt kva vi tenkjer om villrein i Jostedalsområdet:

For villreinnemnda er det viktig å legge til rette for at villrein kan bruke heile villreinområdet. Det er fleire områder som ikkje blir brukt av villrein i dag, men som likevel er verdifulle med tanke på endringar i arealbruk, spesielt i eit klimaperspektiv. Vi ynskjer derfor gjerne at villrein i større grad bruker terrenget sørvestover mot Jostedalen att. Korleis ein skal påverke arealbruken er det jo ikkje noko enkelt svar på, men vi vil gjerne høyre tankar rundt det. For nemnda er det fint å få med seg historia og det er heilt ok å få tilbakemelding om eventuelle forvaltningsgrep som ikkje har vore bra.

I 2011 vart det laga eit arealbrukskart for heile Reinheimen-Breheimen villreinområde – sjå neste side:

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

6



Trekkruiter frå Mysubyttaldalen, Syrtbyttaldalen via Sprongdalen og Handspiken og trekkruite via Martadalen

I NINA-rapport 643 frå 2011 har Kjartan Kvien og Einar Fortun skrive eit avsnitt om villrein sin arealbruk i Luster. Dette er limt inn under:

Bukkeflokkane sin bruk av området vinterstid på 1980-talet, 1990-talet og 2000-talet

I Luster sin del av villreinområdet er det mykje snø og til tider ising i beita, såleis vert tilgangen til vinterbeite for rein vanskeleg. Difor er dette området svært lite nytta om vinteren.

Bukkeflokkane sin bruk av området om våren

I dei bratte fjellsidene fremst i Jostedalen kjem groen tidleg og det er det vanleg at bukkeflokkar kjem dit i mai månad. Reinen har ikkje vore nede til stølane og det har såleis ikkje vore konflikstar med andre brukarar. Ein viktig trekkveg som rein nytta som tilkomst til desse vårbeita, vart under kraftutbygginga på slutten av 1980-talet, byrjinga av 1990 øydelagt ved oppdemming av Styggevatnet. Dette har ført til at deler av vårbeitet ikkje har vorte nytta så mykje i seinare tid. Heimre del av Sprongdalen har også vore eit område som bukkane nyttar til vårbeite.

Gevirlokaltetar, registrerte fallgevir

Vi har ikkje kjende lokalitetar med mykje fallgevir.

Bukkane sin integrering med fostringsflokkane

Bukkane som er på sommarbeite hjå oss vert som oftast gåande til jakta startar. Straks dei vert påskotne reiser dei austover til fostringsflokkane.

Fostringsflokkane sin bruk av området vinterstid

I nemnde periode frå 1980 og til no har vi ikkje registrert fostringsflokkar i våre område på vinterstid.

Reinen sin bruk av vestområdet, sørvestområdet

Det ser ut som om det er rein frå Sørveststammen som kjem til området ved Kupevatnet og Styggevatnet på vår- og sommarbeite. Dei siste åra har denne stammen vore liten og det har vore færre dyr i nemnde område hjå oss.

Fostringsflokkane sin bruk av området i kalvingsperioden

I denne perioden har det ikkje vore registrert fostringsflokkar i seinare tid i kalvingsperioden.

Flokkane sin bruk av området sommarstid

Hjå oss har vi svært gode sommarbeite for rein, ferskt gras kjem opp etterkvart som snøen smeltar. Vi har brear og snøfenner som ligg over heile sommaren. I tillegg til at dyra då finn ferskt godt beite, vil dei også finna lett tilgang til snø for vern mot insekt. Vil det halda fram med varme somrar og kraftig utsmelting av snø slik det har vore siste åra, vert våre område med isbrear då svært verdifulle for levevilkåra til reinsdyra. Sjølv om villrein ikkje nyttar våre område så mykje no, er det likevel viktig å ta vare på alle trekkveggar slik at dyra kan veksla mellom gode sommarbeite i vest hjå oss, og vinterbeita i aust. Slik har det vore alle dagar at rein har veksla mellom vinter og sommarbeite og vi må leggja forholda til rette slik at dette kan halda fram. Område som rein no nyttar her i vest er det som grensar opp mot Skjåk og då i område mot Nørdstedalen, mot Mørkrisdalen og Jostedalen. På sikt håpar vi at reinstammen etterkvart vil trekka lenger vestover på sommarbeite. Fram til 1977 hadde vi meir rein på våre kantar, men etter at Lom tamreinlag då jaga saman umerka rein i grenseområde mellom Skjåk, Luster og Lom og slakta 98 dyr på Bøverkinnhalsen vart mykje av rein borte.

Flokkane sin bruken av område under jakta

Fyrste dagane i jakta kan det vera att dyr som har vore på sommarbeite, med så fort dei vert jakta på dreg mot større flokkar lenger aust. I jakta kjem det av og til stor flokk over mot Illvatnet i Nørdstedalsområdet og då helst på vindretning frå vest.

Flokkane sin bruk av området under brunsten

På denne tida er mesteparten av dyra borte frå vår side av villreinområdet. Det kjem av og til flokkar over grensa med Skjåk på vindretning frå vest og då mest ved Illvatnet.

Inntrykk av habitatbruk i randsonene gjennom året

Det er sjeldan randsonene hjå oss vert nytta, men det kan vera på våren før groen kjem i høgjellet.

I kor stor grad vert arealbruken påverka gjennom året av vindretning

Når mattilgangen er god og dyra ikkje vert uroa ser det ikkje ut til at vindretninga har så mykje innverknad på rein sin bruk av området. Men under jakta når dyra vert stressa, vil dei ofte gå meir mot vinden og kan då trekka over lengre strekningar.

Biologisk avgrensing av leveområde basert på totalkunnskap

Sjå det som er nemnt under avsnittet *Flokkane sin bruk av området sommarstid*. Heile området i Luster sin del av villreinområde har god kvalitet på mat og god tilgang til denne sommarstid, heile arealet kunne vore nytta mykje meir. Hadde rein nytta dei gode sommarbeita her i vest, ville dei møtt vinteren med god kondisjon og ein kunne hatt ein mykje større bestand i Ottadalen sørområde.

Opplysningar gjeve under synfaring:

Kalvingslokalitetar: Vetledalen (nord aust for Fåbergstølen) og Rausdalen (nord for Arentzbu).
1967 – villrein i Austdalsnosi på vinteren (nord aust for Austdalsvatnet / Styggevatnet).
Godt vårbeite i t.d. Vivaskredene (sørvest for styggevatnet)

22. Neste møte i nemnda

Innstilling: Neste møte i nemnda. Fyrste halvdel av november kan vera aktuelt om det er aktuelle saker. Plassering: Stryn?

23. Eventuelt

Vedtak: Sende førespurnad til DNT om vi kan få oppsettet til villreinplakaten. Lage vår eigen villreinplakat saman med villreinutvalet og nasjonalparkstyra i samarbeid med grunneigar.

Dagmøte for fagleg rådgjevande utval, administrativt kontaktutval og nasjonalparkstyret for Reinheimen på rådhuset i Valldal 23.09.2019 kl 12-17. Villreinnemnda er invitert til å stille med ein person. Om det er mogleg ynskjer vi å stille med to:

1. Jostein Tafjord
2. Tor Hallgeir Hole


Gå igjennom miljøkvalitetsnorm for villrein på neste møte i nemnda.

Melding om mykje trafikk på vegen opp til Kolbeinsvatnet etter anleggsarbeidet. Vegen har fått betre standard, noko som har ført til auka trafikk. Er dette iht vedtaket som vart gjort før anleggsarbeiet?

Mange campingvogner og campingbilar på rasteplassen ved Geirangerkrysset. Dette må vi ta att på eit seinare møte. Evt innspel til vegvesenet.

Sende ut høyring om vindkraft frå villreinrådet til alle medlemmar.

Johan Berge
Leiar


Tor Taraldsrud
Sekretær